

AVGJERD nr. S6

2016/EØS/12/31

av 22. desember 2009

om registrering i bustadsstaten i medhald av artikkel 24 i forordning (EF) nr. 987/2009, og om utarbeiding av oversikter slik det er fastsett i artikkel 64 nr. 4 i forordning (EF) nr. 987/2009

(2010/C 107/04)(*)

DEN ADMINISTRATIVE KOMMISSJONEN FOR
KOORDINERING AV TRYGDEORDNINGAR HAR —

med tilvising til artikkel 72 bokstav a) i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 883/2004 av 29. april 2004 om koordinering av trygdeordninger⁽¹⁾, der det er fastsett at Den administrative kommisjonen har ansvaret for å handsame alle administrative spørsmål og tolkingsspørsmål som følger av forordning (EF) nr. 883/2004 og forordning (EF) nr. 987/2009⁽²⁾,

med tilvising til artikkel 35 nr. 2 i føremnde forordning (EF) nr. 883/2004,

med tilvising til artikkel 24 og artikkel 64 nr. 4 og 6 i forordning (EF) nr. 987/2009 og artikkel 74 i forordning (EF) nr. 883/2004,

etter dei vilkåra som er fastsette i artikkel 71 nr. 2 i forordning (EF) nr. 883/2004 —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Reglane for registrering i samsvar med artikkel 24 i forordning (EF) nr. 987/2009 (heretter kalla «gjennomføringsforordninga») og for føring av ei oversikt slik det er fastsett i artikkel 64 nr. 4 i gjennomføringsforordninga, skal vere som følger:

I. Registrering slik det er fastsett i artikkel 24 i gjennomføringsforordninga

1. For føremåla med bruken av artikkel 24 i gjennomføringsforordninga skal følgjande framgangsmåte fastsetjast.

Den kompetente institusjonen skal på oppmoding frå den personen som det gjeld, sende over eit relevant dokument i samsvar med artikkel 17, 22, 24, 25 eller 26 i forordning (EF) nr. 883/2004 (heretter kalla «grunnforordninga») og artikkel 24 nr. 1 i gjennomføringsforordninga (heretter kalla «dokument som gjev rett til ytingar») til den personen som det gjeld, som må leggje dette dokumentet fram for institusjonen på bustaden sin når han/ho registrerer seg for å kunne få naturalytingar.

På oppmoding frå institusjonen på bustaden skal den kompetente institusjonen sende over eit dokument som gjev rett til ytingar, til den førstnemnde institusjonen.

Den kompetente institusjonen skal melde frå til institusjonen på bustaden om alle endringar eller opphevingar av dokumentet som gjev rett til ytingar. Mottakarinstitusjonen må anten stadfeste eller avvise denne endringa eller opphevinga overfor avsenderinstitusjonen.

Institusjonen på bustaden skal melde frå til den kompetente institusjonen om registreringa av den personen som det gjeld, og om alle endringar eller opphevingar av ei slik registrering. Desse opplysningane skal gjevast så snart institusjonen på bustaden har fått tilgang til den informasjonen som krevst for dette føremålet. Mottakarinstitusjonen må anten stadfeste eller avvise denne endringa eller opphevinga overfor avsenderinstitusjonen.

2. Utgifter til naturalytingar skal kunne refunderast i samsvar med artikkel 35 og 41 i grunnforordninga og artikkel 62 og 63 i gjennomføringsforordninga frå og med følgjande dato:

- a) datoen då retten til naturalytingar vart oppnådd i medhald av lovgjevinga i den kompetente medlemsstaten, slik det går fram av dokumentet som gjev rett til ytingar,
- b) datoen for skifte av bustad, eller datoen for registrering dersom denne er seinare enn den datoen som er nemnd i bokstav a) ovanfor og er registrert i det dokumentet som er utferda av institusjonen på bustaden i samsvar med artikkel 24 nr. 2 i gjennomføringsforordninga.

Dersom familiemedlemmene til ein medlem i trygdeordninga, ein pensjonist eller ein av familiemedlemmene hans/hennar, i medhald av lovgjevinga i bustadsstaten eller i ein annan medlemsstat, framleis har rett til å få ytingar i samband med utføring av yrkesverksemd eller som mottakar av inntekt i staden for dette, og denne retten har førerang i samsvar med forordningane, skal registreringa ta til dagen etter at denne retten sluttar å gjelde.

3. Datoen då utgiftene til naturalytingar ikkje lenger skal utbetalast i samsvar med artikkel 35 og 41 i grunnforordninga og artikkel 62 og 63 i gjennomføringsforordninga, er lik datoen då institusjonen på bustaden melder frå til den kompetente institusjonen om at registreringa er oppheva, eller datoen då den kompetente institusjonen melder frå til institusjonen på bustaden om at dokumentet som gjev rett til ytingar, har slutta å gjelde.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT C 107 av 27.4.2010, s. 6, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 133/2011 av 2. desember 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg VI (Trygd), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 15 av 15.3.2012, s. 21.

⁽¹⁾ TEU L 166 av 30.4.2004, s. 1.

⁽²⁾ TEU L 284 av 30.10.2009, s. 1.

Denne datoen skal først opp i opphevingsdokumentet, og skal vere lik datoen då dokumentet som gjev rett til ytingar, sluttar å gjelde, dvs.

- i) datoen for dødsfall, eller datoen då personen som det gjeld, endrar bustad til ein annan medlemsstat,
- ii) datoen då retten til naturalytingar i medhald av lovgjevinga i bustadsstaten eller i ein annan medlemsstat, tek til å gjelde, i samsvar med forordningane, i samband med utføring av yrkesverksemd eller i samband med tildeling av ein pensjon,
- iii) datoen då familiemedlemmene ikkje lenger oppfyller vilkåra for retten til naturalytingar i medhald av lovgjevinga i bustadsstaten.

Det ligg på alle nasjonale institusjonar å handle på ein slik måte at tidsrommet mellom datoen då retten eller registreringa sluttar å gjelde, og datoen då det vert gjeve melding om opphevingsdokumentet, vert kortast mogleg. Særleg bør fastsetjinga av bustad for medlemmen i trygdeordninga byggje på ei grundig gransking i samsvar med artikkel 11 i gjennomføringsforordninga.

II. Oversikt slik det er fastsett i artikkel 64 nr. 4 i gjennomføringsforordninga

Familiemedlemmer til medlemmer i trygdeordninga, pensjonistar og/eller familiemedlemmene deira

1. Institusjonen på bustaden i dei medlemsstatane som er førte opp i vedlegg 3 til gjennomføringsforordninga, skal rekne ut dei faste summene for naturalytingar til familiemedlemmene til medlemmen i trygdeordninga i samsvar med artikkel 17 i grunnforordninga, og til pensjonistar

og/eller familiemedlemmene deira i samsvar med artikkel 24, 25 eller 26 i grunnforordninga, på grunnlag av ei oversikt som vert ajourført for dette føremålet, ved å leggje til grunn sine eigne opplysningar eller opplysningar som den kompetente institusjonen har lagt fram, om oppnådde rettar til eller oppheving eller tilbaketrekking av slike rettar.

Oversiktene som er nemnde i artikkel 64 nr. 4 i gjennomføringsforordninga, skal omfatte talet på månadlege faste summar for eitt år per familiemedlem til ein medlem i trygdeordninga, ein pensjonist og/eller ein av familiemedlemmene hans/hennar.

2. Ved utrekninga av talet på månadlege faste utbetalingar skal tidsrommet då dei personane som det gjeld kan krevje ytingar, reknast i månader.

Ved opteljinga av talet på månader skal den kalendermånaden som omfattar datoen då utrekninga av dei faste summene vart gjord, reknast som ein heil månad.

Kalendermånaden då retten sluttar å gjelde, skal ikkje reknast med med mindre dette utgjer ein heil månad.

Dersom det samla tidsrommet er under ein månad, skal det reknast som ein månad.

Dersom ein person går over frå éi aldersgruppe til ei anna i det aktuelle tidsrommet, skal heile månaden då denne endringa finn stad, reknast med i den høgaste aldersgruppa.

III. Slutføresegner

Denne avgjerda skal kunngjerast i *Tidend for Den europeiske unionen*. Ho skal nyttast frå datoen då gjennomføringsforordninga tek til å gjelde.

Lena MALMBERG

President for Den administrative kommisjonen